

# bokLEK

For alle skolestartarar i Innlandet

Bli med  
på Bokleik!



# Vi ynskjer alle skolestartarar velkomne til eit møte med Line Renslebråten og det grande livet ein finn under polarisen.

## Bokleik-turné

Alle barna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket der dei får møte ein av formidlarane i år.

Bokleik-forfattar i 2020 er Line Renslebråten. Under Bokleik-turneen reiser ho, saman med Marianne Sundal, rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet og formidlar frå «Under Polarisen», ei bok om det grande mangfaldet og dyrelivet i polarhavet.

## Kva er Bokleik?

Bokleik er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival, Innlandet fylkesbibliotek og alle folkebiblioteka i Innlandet. Prosjektet blir støtta av Eidsiva og Sparebankstiftelsen Hedmark. Målet med prosjektet er å skape positive litteraturopplevingar for alle skolestartarar i fylket. Bokleik starta opp i 2014, og i 2019 deltok over 3000 barn i prosjektet. I 2020 inviteres skolestartarane i fylket igjen til Bokleik, til å oppdage boka gjennom å lytte, teikne, dikte, fortelje og skape.

## Leik med boka!

Bøkene til Line Renslebråten kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Forfattermøter blir alltid best med eit publikum som er førebudd, så vi oppfordrar barnehagane til å gå inn på boklek.no der det fins nyhende, tips og idear til aktivitetar som kan gjennomførast i barnehagene, og heime, før og etter besøket på biblioteket.

## Formidlarane i år

### **Line Renslebråten**

Line Renslebråten skriv og illustrerer sakprosa for barn, er glødande oppteken av natur og miljø og elsker å formidle til barn og unge. Ho har jobba som kunst- og håndverkslærer i ungdomsskulen, og har skrive og illustrert ei skjønnlitterær bok og seks sakprosabøker for barn.



### **Marianne Sundal**

Marianne Sundal er formidlar under Bokleik-turneen 2020. Ho er forteljar og har dei siste femtan åra arbeid med forteljingar, førestillingar og kurs. Ho arbeider mykje med elevar og lærarar som vil lære seg å fortelje historier, og lagar også eigne førestillingar.



Eit samarbeidsprosjekt mellom  
alle folkebiblioteka i Innlandet og

**NORSK** SIGRID UNDET-DAGENE LILLEHAMMER  
**LITTERATURFESTIVAL**



**Innlandet**  
fylkeskommune

Bokleik er støtta av:

sparebank  
stiftelsen  
**hedmark**

**Eidsiva** 

